# Emne nr 11.

Tobias K. Steinsland,
Laudal.

Vest-Agder
Laudal.

## Attåtfor.

1. Ein har lite brukt röter, heller ikkje under siste storkrigen

2. For 10-20 år sidan bruka dei kvekeröter til kufor. Dei grov rötene or akren om våren, vaska dei reine og gav til kuene. Dei rekna det for tolleg bra for

3-4-5-6 Nei.

## B. Bregner.

1. Til for 40-50 år sidan plukka dei burkne til kuer som stod inne eller i ljor om sumaren.
Einskilde koka og tog på einskap og gav kuene til drikke.

2-3-4.

5. Bjørnekam blei før inntil for 40-50 år sidan nytta til for når det var skralt med. Blei visstnok nytta både til ku sau og hest.

Ein gamal mann fortalde om ein lei snövinter med sein vår. Då var han med på skogen frampå våren og pila bjørnekam. Somma stader laut dei moka snöen vekk så dei kunna få litt bjørnekam til dyra.

4807

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Taug og tare og fiskeavfald kan det ikkje bli tale om her i Laudal.

Blei dei naud på hau, laut på skogen etter osp, selje eller raun. Så skov dei borken av. Dei blei helst bra for. Men ospeskav gav vond smak i mjölka. Når snöen bråna, sto dei lyng og "fjorm" (fjorgamalt gras på ekre eller myr.

IV

Hestemok trur eg aldri har blitt nytta her.

V 1. Nå er det mest slutt med å lage sörpe til kuene.

2. För for lit omlag 30 år sidan, bruka ein ofte log" d.v.s. ein slog varmt vatn på "höy, agner, halm-hakk, poletvis. Det blei rekna for frisk og drikke. Hadde ein litt mjöl på, kalla ein det mjöldrikke. Har ein litt poletskrell og i, kalla ein det sudre.

3) Kuer som nett hadde kalva, skulle ha höylog - varm höylog og höy som er blöytt i varmt vatn.
Dette blir ennå bruka.

4. Under krigen nytta folk rauneber til höns og gris, turka til höns, og kokte saman med litt mjöl til gris.

4807

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

5)

Drank frå brenneria ikkje nytta.

Men for omlag 50 år sidan då det ennå var nokså vanleg å bryggja maltøl heime gav dei kuene „drav" i sudren.

6) Under fyrste verdskrigen blei sild mykje nytta til kufor.

Under siste krigen blei fiskeavfall nytta til grisemat.
Sikeim skebbe (åbor) av det små slaget som finst i tjørner og vatn her på Sørlandet.

4807

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING